
Vår referanse 2021/52975-3
Dato 23.11.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon frå kommuneplan - gnr 151 bnr 1 - Morken Indre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Alver kommune har bedt spesifikt om uttale når det gjeld kulturminne.

Saka gjeld søknad om utskiljing av gardstunet på gbnr 451/1 og arealoverføring av restarealet av bnr. 1 til gbnr. 451/2. Det blir søkt om dispensasjon i frå LNF-føremålet for utskiljing av ny bustadeigedom. Delar av gbnr 451/1 ligg innafor omsynssone H_570 i Radøy kommune sin kommuneplan, som gjeld for omsyn knytt til kulturminne, då nærmare bestemt kulturlandskapet på Morken. I kulturminneplanen er kulturlandskapet definert i høgste verneklasse, og det er lagt inn som ein kommunalt verneverdig lokalitet i Askeladden (ID 238285). Det står følgjande om kulturlandskapet i gjeldande kulturminneplan:

«På Morken finn me eit unikt kulturlandskap som også var nominert til kulturlandskapsprisen i Hordaland i 2008. I området som strekkjer seg frå beiteområdet rett ovanfor dei øvste tuna og opp til Morkefjellet og mot Nøttveitveten, er det eit velstelt kulturlandskap og ei mengd kulturminne. I området er det registrert ikkje mindre enn 16 skjeneflorar eller ruinar etter skjeneflorar, fleire markavegar, steingardar og rydningsrøyser. I området finn me også Storsteinen, ein stor stein, som det er knytt eit sagn til om at ei trollkjerring bar steinen med seg inn i området i eit forkle.»

Utskiljinga og arealoverføringa, slik den her blir skildra, vil etter vår oppfatning ikkje ha negative følgjer for kulturlandskapet og det heilskaplege kulturmiljøet på staden. Då heller tvert imot. Bygningane på tunet blir ivareteke av den eine parten, og jordressursane av den andre parten. Som det blir påpeikt i søknaden så fører delinga i realiteten ikkje til endringar anna enn i eigedomstilhøva for landbruksareala. Vi har såleis ingen innvendingar i saken.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Berit Vik
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift